



Etter start må ein vere førebudd på litt skibering

Vårturen til topps på Nåso frå Tveitedalen er kalla vårens vakraste eventyr og søndag kan ein oppleva det att hvis veret vert bra. Ved dårleg ver vert turen avlyst.

Ellers startar han klokka 09.30. Kvinnherad Turlag strekar nok ei gong under at det 1247 meter høge fjellet er ein av dei finaste toppane i kommunen og opplysar at ein når toppen på 3,5 timar frå starten ved skihytta Ternebu.



Toppene på Nåso er imponerende

Ein går opp lia aust for Børsdalen og passerar skoggrensen ved det gamle stølshuset på Dyrriind. Der kan ein nyta utsikten over Tveitedalen og Skåneviksfjorden medan ein tek den fyrste rasten.

Så ber det oppover den bratte, men stutte lia.

Så vert det slakkare stigning og fint skiterreng oppover.

Den neste rasten skjer i Snøholo og så fylgjer ruta ein lang og slak skråning mot toppen. Til høgre ligg Øktaredalstind og ein tur fram mot kanten gjev eit fantastisk utsyn ned mot dei øvste gardane i dalen vår, 900 meter under oss.

Frå toppen får ein eit imponerende rundskue mot havet i vest, fjorden i nord, fonna i aust og Haugalandet i sør.

Turlaget minnar om at ein ikkje skal gløyma skifeller, solkrem og solbrillar. Det plar vera ein populær tur. I 2010 var det til dømes 56 deltakarar.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Gunlaug Vågen Tjelmeland



Med kurs mot toppen